

INFORMASJONSSKRIV

Styret i Lidar Vel 2014 – 2015:

Leiar: Stig Banken, 2693 Nordberg tlf.nr.95 98 38 16 e-post:sebanken@online.no

Nestleiar: Mette Fjerdingsby, 2682 Lalm tlf.nr. 90 40 34 01 e-post:post@rentofint.no

Sekretær: Peder Sperstad, 2686 Lom tlf.nr.98 23 07 31 e-post:peder.sperstad@gmail.com

Kasserar: Ingvar Kringlethaugen, 2693 Nordberg tlf.nr. 97 13 82 37 e-post: ingvar149@hotmail.com

Styremedlem: Thorstein Aamodt, 2693 Nordberg tlf.nr. 90 75 47 88 e-post:thaamod@online.no

Vinteren er no komen, og Rune Plassen har ansvaret for vegbrøytinga også dette året (Næpholet – Sota).

Dei som ynskjer brøyting av parkeringsplass eller privat veg må kontakte Rune i god tid.

Vi ber om at desse parkeringsplassane ikkje blir brukt av andre, og dersom nokon veit at dei treng parkeringsplassar for bruk av hytta si i vinter, må den enkelte ordne det slik at det ikkje blir til hinder for andre

Vi oppmodar bilistar om å vise omsyn til brøytetraktor i arbeid da han ved anledning vil sleppe forbi bilar på de plassane som er eigna for det.

Når det gjeld kor mykje ein skal brøyte, kan det være ei vanskeleg avveining av og til mellom det som er fornuftig ressursmessig bruk kontra framkommelegheit. Det som skal vera ein standard, er at ein godt skodd vanleg personbil skal koma fram til Liavatnet. Dersom dette ikkje er tilfellet så ta kontakt med Rune Plassen på tlf 48 22 45 45. Hugs at ein lyt tenkje seg om dersom det er meldt dårlig vær ei periode.

Vi oppmodar alle til å setja opp nummerskilt på hytta. Dette er m.a viktig for at utrykningskøyrety skal finne fram.

Når det gjeld vegsaken, har Skjåk Kommune gjort fylgjande vedtak i sak 72/14:

Skjåk Kommunestyre vil avhende sitt eigarforhold til vegen Tuva – Sota til dei som har interesser i området.

Kommunestyret ber generalforsamlinga og styret sikre god framdrift i saka.

Det blir som tidlegare år oppkøyrte skiløyper.

Sota – Mysubytta, vidare om Tunga – Røykjeskålvatnet (etter 15. februar).

I tillegg blir det oppkøyrte frå Sota og langs Veslevatnet/Liavatnet, dersom forholda tillet det.

Ansvarlege for løypekøytinga er:

- Thorstein Aamodt tlf.nr.90 75 47 88
- Pål Mork tlf.nr.41 10 15 40
- Kjell Mork tlf.nr.97 17 27 93

Vi minner om heimesida vår: www.lidarvel.no for informasjon om løypekøytingane og anna. Her finn de òg vêrinformasjon frå klimastasjonen vår på Sota og bilde frå nytt webkamera ved Liavassosen.

Skjåk, den 17 desember 2014

Styret i Lidar Vel